
**Referat frå møte nr 3 i prosjektgruppa**

DATO/TID: 05.01.2023 kl 08:30-11:30  
MØTE NR: 3  
STAD: Volda rådhus, Dalsfjorden (137), 1. etg.  
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjeakteigar), Nina Kvalen (prosjektleiar), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Anita Gaarder (barnehage), Håvard Strand (skule) Wenche Skjærvik (reinhold), Finn-Preben Mathisen (RS), Sonja Hovden (HVO), Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet)  
FRÅFALL: Cathrin Fremmerlid  
MØTELEIAR: Berit Lyngstad  
REFERENT: Nina Kvalen

Nr	SAK/KONKLUSJON	Ansv.
1/ 23	<p><b>Sidan sist</b></p> <p>Dette er første møtet der Fagforbundet, Sykepleierforbundet og hovudverneombodet deltek. Kort runde med presentasjon.</p> <p><b>Dialog m/KS Konsulent om program og oppfølging etter KICK-OFF</b></p> <p>Det har vore dialog med KS om innspel til program og oppfølging av KICK-OFF, sjå sak 2 og 3.</p>	Berit
2/ 23	<p><b>KICK-OFF 09.02.23</b></p> <p><b>Program</b> (sjå utkast under)</p> <p>KS har oversendt innspel til program. Det står att dialog m/Leif Moland og Kari Ingstad om tema for deira innlegg. Dette vert følgjt opp neste veke.</p> <p><u>Før lunsj:</u></p> <p>Opning v/ordførar, arbeidstakarorganisasjonane, Berit; heiltidserklæring</p> <p>KS Konsulent: Erfaringar med heiltidskultur, kva handlar dette om?</p> <p>Berit+: Status i Volda - presentasjon av heiltidsplakatar</p> <p>Leif Moland: Følgeforskning og 4 K</p> <p><u>Lunsj:</u></p> <p>Forflytningslunsj (oppvekst og reinhold lunsj i Pinsekyrkja)</p> <p>Omrigging av lokale på Uppheim v/Styrk Arbeid</p> <p>Servering: Mat frå Osdal Catering (Nina). Vi lagar kaffi, te + vatn (Berit avklarar ressursar til å ta i mot mat, lage kaffi mv.)</p> <p><u>Etter lunsj:</u></p> <p><b>Uppheim: Helse og omsorg</b> – prosessleiar Geir Johan, innlegg v/Kari Ingstad</p> <p>Deltakarar frå PG: Berit, Finn-Preben, Astrid, Sonja, Lena, Ingunn</p> <p><b>Pinsekyrkja: Oppvekst/reinhold</b> – prosessleiar Jo Fiske</p> <p>Deltakarar frå PG: Håvard, Anita, Wenche, Cathrin, Nina</p> <p><u>Rydding:</u> Deltakarar frå PG + ev. andre?</p>	Berit Berit Berit HS Styrk Berit Nina Berit HS PG



	<p><b>Utsending av program/påmelding/anna for oppfølging:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Avklare om Paul Ottar kan lage påmeldingsskjema i Forms; viktig for å bestille lunsj og få detaljert oversikt over påmeldingar.           <ul style="list-style-type: none"> <li>o Sendast ut neste veke, saman med eit tentativt program</li> </ul> </li> <li>- <b>NB! Hugs å sende invitasjonen til styringsgruppa (PSU), politikarar (KST)</b></li> <li>- Sende påminning til leiarar om å vidaresende innkallinga i Outlook til medlemmar i STIM-gruppene slik at dato blir sett av, og legge til rette for at tillitsvalde og verneombod kan delta.</li> <li>- Sende henvending til arbeidstakarorganisasjonane om kven som ønskjer å delta, og om ein HTV vil seie nokre ord på vegne av alle frå deira perspektiv.</li> <li>- Vi inviterer lokalavisa til KICK-OFF for å nå ut med info. til innbyggjarar mv., og utfordrar Bente Engeseth til å lage artikkel til heimesida.</li> <li>- Det er ønskeleg å få opptak frå samlinga for internt bruk, for å kunne sjå i ettertid. Dette vert berre på Uppheim før lunsj og ev. av Kari Ingstad sitt innlegg etter lunsj.           <ul style="list-style-type: none"> <li>o Vi avklarar om dette er mogleg med Bente og innleiarane.</li> </ul> </li> </ul>	Berit Berit Berit Berit Nina Nina Berit
3/ 23	<p><b>ETTERARBEID KICK-OFF – MØTE MED KS KONSULENT 10.02.23 kl 08:30-15:00</b></p> <p>KS Konsulent har teke initiativ til eit fysisk møte dagen etter KICK-OFF for etterarbeid, oppfølging og planlegging av vidare prosess med heiltidskultur i Volda. Det har vi takka ja til. Dei har førebels sett opp møte heile dagen, men dette kan bli kortare. Tema dei har sett opp er:</p> <p><i>Diskuterer framdrift og innhold ift. følgende tema (fra Volda K sin presentasjon):</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging på arbeidsplassar/STIM-grupper, døme:           <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jobbe med mål og tiltak, lage lokal tiltaksplan på sin arbeidsplass</li> <li>• Kvar arbeidsplass må definere sitt ambisjonsnivå gitt sine spesifikke utfordringar</li> <li>• (Korleis involvere deltidstilsette i arbeidet med å fremje heiltidskultur?)</li> </ul> </li> <li>• Avklare delprosjekt vi skal arbeide vidare med           <ul style="list-style-type: none"> <li>• Døme: Utlysingspraksis, alternative turnusordningar, bemanningsleiing, kombinasjonsstillingar mv.</li> </ul> </li> </ul> <p><i>Mål : Utarbeide et forslag til drøfting i Styringsgruppe</i></p> <p>KSK stiller spørsmål om ressursgruppa bør delta. Prosjektgruppa er samde om at det kan vere nyttig for dei å delta, i alle fall dei tilsette. Når det gjeld dei 3 HTV og 1 HVO kan det vere aktuelt å invitere desse til å delta t.d. 1 time mot slutten av møtet for felles oppsummering. Nina har sendt innkalling til alle i prosjektgruppa og KSK slik at dere har møtet i kalenderen, og veit kvar dere finn oss på rådhuset 😊</p>	Berit KSK  Berit Nina
4/ 23	<p><b>Heiltidserklæring</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi gjekk gjennom justert heiltidserklæring frå førre møte. Cathrin har sendt inn framlegg til justering av teksta, og Håvard om visjonen til sektor oppvekst.</li> <li>- Det vart gjort justeringar i møtet, samt at det kom innspel om å:           <ul style="list-style-type: none"> <li>o få erklæringa på ei side</li> <li>o få inn noko om verdiane våre</li> <li>o omformulere avsnittet om helse og omsorg/oppvekst; helse og omsorg har ikkje eigen visjon slik oppvekst har, kan vi ev. få inn noko om berekraftig, helsefremmande, innsatstrappa, pakkeforløp?</li> </ul> </li> <li>- Berit sender henvending til arbeidstakarorganisasjonane om kven som kjenner det naturleg å signere vår lokale erklæring. Sentralt har Fag forbundet, Sykepleierforbundet, Delta og FO signert for 2021-2024 innanfor helse og</li> </ul>	Berit  Nina  Berit



## HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



	<p>oms.orgssektoren:</p> <p><a href="https://www.ks.no/contentassets/a48d9ee43d594a38bd4402d892000605/Heltd.pdf">https://www.ks.no/contentassets/a48d9ee43d594a38bd4402d892000605/Heltd.pdf</a></p>	
5/ 23	<p><b>Mandat styringsgruppe, prosjektgruppe, STIM-gruppe</b></p> <p><u>Mandat styringsgruppe (PSU):</u></p> <p>Styringsgruppa skal haldast orientert om progresjon, prioritere ressursar, gjere politiske val og vedtak som gjeld heiltidskulturprosjektet i Volda kommune.</p> <p><u>Mandat prosjektgruppe:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Prosjektgruppa er dei som aktivt jobbar med heiltidskulturprosjektet</li><li>- Bidra med fagkompetanse for å bevege prosjektet framover</li><li>- Bidra med å sikre progresjon</li><li>- Bidra med innspel, forslag og initiativ til mål, tiltak og prosessar for utvikling av heiltidskultur (heilskapleg og på ulike nivå i organisasjonen)</li><li>- Bidra til å tenke ut "nye" metodar for samhandling mellom partane for utvikling av heiltidskultur</li><li>- Innspel til moment som må ivaretakast for at heiltidskulturprosjektet skal lykkast (kompetanse, organisering, leiing mm)</li><li>- Forslag til brukarmedverknad, involvering, informasjon</li><li>- Koordinere aktivitetar inn mot STIM-gruppene i eigen sektor/teneste</li><li>- Talerøyr for eigen sektor/teneste</li><li>- Gjere heiltidskulturprosjektet kjend og halde «varmt» i eigen sektor/teneste</li></ul> <p><u>Mandat STIM-gruppe (må takast att i seinare møte)</u></p>	Berit Nina
6/ 2 3	<p><b>Eventuelt/andre innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Vi må etterspørje «talknusing» frå KS som vi ikkje har fått tilbakemelding på.</li><li>- Viktig at vi får <i>pilotar</i> i kvar sektor/teneste</li><li>- Ein pilot med <i>heilarsturnus</i> kan vere av interesse å teste ut i heimetenesta.</li><li>- RS er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med heiltidskultur. Viktig å sikre at fleire får kunnskap om korleis nyttiggjere RS i arbeidet med heiltidskultur.</li><li>- Viktig at vi sikrar <i>korleis administrere tilsette som jobbar på tvers av avdelingar/sektorer for at dei skal få auka stilling</i>. I dag er det vanskeleg for alle utanom helse og omsorg/ barnehage/reinhald og få nokon frå skulesektoren så dei kan jobbe på tvers. Ein manglar oversikt over planarbeidet for den tilsette der eller omvendt.</li><li>- Viktig at vi har innsats med sektorovergripande pilotar t.d. utlysingspraksis (fokus i sentral heiltidserklæring, bør vere ein del av lokale retningslinjer for heiltidskultur), rekrutteringsstrategi og gevinstanalyse av oppgåvedeling og samhandling med mål om å bruke ressursane mest mogleg effektivt (sjå kap. 7 i <i>Rambøl-rapporten</i>).</li></ul>	Berit PG
7/ 23	<p><b>Neste møte</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Torsdag 09.02.23 kl 08:30-15:00: KICK-OFF</b>, Uppheim og Pinsekyrkja</li><li>- <b>Fredag 10.02.23 kl 08:30-15:00: Oppfølging og planlegging av vidare prosess med KSK</b>, Volda rådhus, Voldsfjorden (144) 1.etg.</li><li>- <b>Torsdag 02.03.23 kl 08:30-11:30</b> Prosjektmøte på Volda rådhus, Voldsfjorden (144), 1. etg.</li></ul> <p>Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen.</p>	Nina



## HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



**JUSTERT 06.01.23**

### KICK-OFF HEILTIDSKULTUR Volda kommune

Stad: Uppheim og Pinsekyrkja

Tid: 9. februar 2023, kl 08:30-15:30

Tid	Tema	Innheld	Ansvar
0815-0830	Ankomst og kaffi		
0830-0900	<b>Velkommen og opning</b>	Berit: <i>Velkommen og praktisk info. om dagen</i> Ordførar: <i>Opning av heiltidskulturprosjektet</i> Organisasjonane: <i>Kvifor er dette viktig for oss?</i> Berit: <i>Heiltidserklæring; mål, høyringsfrist</i>	BL BL/ ORD HTV BL
0900-0945	<b>Frå deltid til heiltid?</b>	KS v/Geir Johan og Jo Fiske: <i>Våre erfaringar fra arbeidet med heiltidskultur i kommunane - kva er det dette handlar om?</i>	KS
0945-1000	<b>Status Volda</b>	Presentasjon av heiltidsplakatar	BL+
1000-1015	Pause		
1015-1200	<b>Følgeforskning og 4 K</b>	Leif Moland presenterar si forsking med hovudfokus på følgeforskinga og sirkelen	LM
1200-1245	Lunsj	Forflytningslunsj; oppvekst og reinhald har lunsj på Pinsekyrkja Omrigging av lokale Uppheim	HS Styrk
1200-1530: Oppvekst + reinhald på Pinsekyrkja <u>Prosessleiar:</u> Jo Fiske	Tema som vi bli belyst i løpet av dagen:  Heiltidskultur = heilsakapskultur  Livsmeistringsoppdraget  Samanheng for den tilsette, barnet og familien  «Frivillig» deltid?  Eg er viktig – den prososiale motivasjonen  Rett kompetanse på rett plass, kvalitet i alle ledd  Ulik belastning – den negative spiralen	Tema som vil bli belyst i løpet av dagen:  Kari Ingstad presenter si forsking på turnus.  Handlar heiltidskultur bare om turnus?  Helse og omsorgstjenester i framtida • Korleis kan vi møte utfordringane?  Kvalitet i tenestene, heilskap og samanheng  Kva føresetnader må vere til stades?  Heiltid i eit HMS-perspektiv	1200-1530: Helse og omsorg på Uppheim <u>Prosessleiar:</u> Geir Johan Hansen
Tilbakemelding frå deltarane gjennom arbeid i små grupper.			Tilbakemelding frå deltarane gjennom arbeid i små grupper.